

07 JAN 2014

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga

Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 06.01.2014

Vår ref: 2011/3459 - 149/2014 / 243

Dykkar ref:

Søknad om fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi - Stord Hestesportsenter

Syner til vedlegg.

Stord Hestesportsenter søkte i fjor om 3 millionar kroner i investeringstilskot frå Hordaland fylkeskommune og fekk positivt tilsegn om 800.000,- kroner, noko dei er særst glade for. Vidare fekk ein løyve på 4 millionar kroner i programsatsingsmidlar frå Kulturdepartementet.

Anlegget er no under oppføring og ein har fått inn spesifikke kostnader på anlegget. Grunna strengare krav i høve Plan og byggingslova har ein måtta nytta mykje meir midlar på prosjektering. Oppjustert kostnadsoversikt og finansiering vert då slik:

Tiltak	Innkjøp			Dugnad		Mva	Sum
	Tjenester	Utstyr	Total NOK	Timer	NOK	NOK	NOK
Ridehus	2 278 100	5 019 800	7 297 900	1 340	678 000	1 411 475	9 387 375
Staller med luftegårder	664 000	3 521 130	4 185 130	1 480	740 000	883 783	5 808 913
Klubbhus	600 000	2 596 900	3 196 900	1 150	460 000	706 725	4 363 625
Garderober	508 500	1 477 000	1 985 500	800	400 000	346 604	2 732 104
Ridebane utendørs	846 600	1 186 000	2 032 600	460	230 000	220 650	2 483 250
Ridestl - kjøretrase	1 770 000	850 900	2 620 900	760	380 000	230 225	3 231 125
Redskapshus/lager	644 214	1 029 000	1 673 214	1 020	437 500	267 054	2 377 768
Total	7 311 414	15 680 730	22 992 144	7 010	3 325 500	4 066 515	30 384 159

Finansiering	Tippemidlar	Rabatt/gave frå Fronta	Dugnad	Annen finansiering / lån*	SUM
Ridehall	2 500 000	1 700 000	678 000	4 509 375	9 387 375
Staller	1 300 000	650 000	740 000	3 118 913	5 808 913
Klubbhus	1 000 000	370 000	460 000	2 533 625	4 363 625
Garderober	500 000	600 000	400 000	1 232 104	2 732 104
Ridebane ute	700 000	1 150 000	230 000	403 250	2 483 250
Ridestl - kjøretrase	700 000	1 700 000	380 000	451 125	3 231 125
Redskapshus & gjestestall	700 000	605 000	437 500	635 268	2 377 768
Totalt	7 400 000	6 775 000	3 325 500	12 883 659	30 384 159

UtviklingsgruppaPostboks 304
5402 StordRådhuset
post@stord.kommune.noTelefon
53 49 69 31Telefaks
53 49 66 01

* 4 mill i tilskudd fra Kulturdepartementet, 0,8 mill fra Hordaland Fylke

Ei anna årsak til kostnadsauke er at ein har i samråd med Kulturdepartementet fjerna rampe i bygget og erstatta med heis og gjort andre tilpassingar som gjer bygget betre med tanke på Universell Utforming.

Stord kommune ser særst positivt på prosjektet og vonar fylket gjer det same. Me veit dette vert eit bygg regionen vert stolte av og at aktiviteten innan hestesport vil auka monaleg både i Stord kommune og i kommunane rundt.

Med bakgrunn i dette søker ein om ytterlegare 2,2 millionar kroner i fylkeskommunalt investeringstilskot.

Dersom det er noko mangelfyllt/uklårt kring dette ber me om at de tek kontakt med undertekna.

Vonar på raskt og positivt svar, på førehand takk.

Med helsing



Sylve Rusten

Vedlegg:

Søknad om fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi - Stord Hestesportsenter

Søknad om fylkeskommunalt tilskot

Stord Ride og køyreklubb - Stord Hestesportssenter - uttale frå Særforbundet

Stord Hestesportsenter - kostnadskrevjande anlegg 2012 - tildeling av programsatsingsmidlar (kopi av brev til Stord Hestesportsenter

Tilsagn om fylkeskommunalt investeringstilskot 2013 - Stord Hestesportsenter (anleggsnr 1221 0112 04)

Hestesportsenter på Stord - kommunal tilråding